

Foreldreinfo februar 2023

FAU/SU/SMU



SU/SMU hadde

møte den 23.02.23. Referat
frå møtet finn du [her](#).

Siste FAU møte for året blir
den 13. mars kl 18.30.

Mogondagens politikarar?

8.trinn gjennomførte
kommunestyremøte
den 14.februar. Elevane var delte i
politiske parti, og førebudde saker
med innlegg og motinnlegg.
Ordføraren var til stades i
kommunestyresalen og styre
møtet. Ein kjekk og lærerik dag for
gryande politikerspirer!



**Minner om
søknadsfrist SFO
1.mars. Søk via
foreldreportalen.**

Sterk og klar

Skulen har inngått avtale med Sterk og klar på ungdomstrinnet.
Trente foredragshaldarar med ulik bakgrunn kjem på foreldremøte
for å styrke foreldrelaget rundt elevane. Alle føresette skal få
foredrag våren 8. og 9. og haust i 9. og 10.trinn frå denne våren av.
Gode tilbakemeldingar på opplegget så langt!

Det er ikkje så ofte eg tenderar mot det politiske, men denne månaden har eg lyst til å slå eit slag for einheitsskulen i Noreg. Å ha ein einheitsskule betyr at alle elevar, uansett føresetnader, legning, religion mm., skal få gå saman på same skule. Elevar er alle ulike, og alle har sitt med seg. Noko er synleg for andre, andre ting ikkje. Det å slite med motivasjon, fagleg meistring eller vondre tankar viser ikkje alltid på utsida. Andre gonger kan det kome til uttrykk gjennom utagerande eller inadvendt åtferd. Dei vaksne på skulen er trente i å møte ulike reaksjonar, og bearbeida desse saman med elevane.

Skuledagar er ikkje alltid enkle, det er heller ikkje livet. Det å gå på skule saman gjer elevane rusta til å møte alle typer menneske seinare i eit større samfunn. Det å vekse opp med, og bry seg om menneske som er annleis enn ein sjølv hjelper til å skape empati, toleranse og forståing for andre sine reaksjonar. Det hjelper dei til å stå støtt i seg sjølv, med støtte frå vaksne heime og på skulen. Det er ein del av det å sette sterke røter, og bygge flygedyktige venger. Så tusen takk for at vi får ha akkurat ditt barn her hos oss på skulen, akkurat som han er.

Ønsker dykk ein god vinterferie, og vel møtt tilbake på skulen måndag 6.mars.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rekktor

Kantina

Me har fått innspel frå folkehelsekoordinator for å tilby sunnare og meir variert mat i kantina på 8.-10.trinn.

Her er oppdatert meny:

Mat i kantina

- Fylt bagett 25 kr
Allergen: gluten, mjølk
- Glutenfri fylt bagett 15 kr
Allergen: mjølk
- Grove horn 25 kr
Allergen: gluten, mjølk
- NY! Fyll din eigen wrap 30 kr
- Nudlar med biff/kylling 25 kr
Allergen: gluten
- Glutenfrie nudlar biff/kylling 25kr
- Rislusnj jordbær 15 kr
Allergen: mjølk

Karneval for 1.-4.trinn



Lærarane på 1.-4. tromma saman til karneval for dei yngste elevane fredag før vinterferien. Ein kjekk og annleis skuledag med ulike aktivitetar på tvers av trinna. Her har elevane laga ein fastelavnskatt:



rekktor

